

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Plan og byggenemnd
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 05.04.2018
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 03.04.2018

Thor-Sigmund Garvik
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 5/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 6/18	Protokoll frå førre møte
PS 7/18	Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt

PS 5/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 6/18 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/646
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/18	Plan og byggenemnd	05.04.2018
	Formannskapet	10.04.2018
	Kommunestyret	19.04.2018

PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - VAL AV UTBYGGINGSTOMT

Tilråding:

1. Herøy Kommunestyre vedtek riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis og oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.
2. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar

Økonomiavdelinga

Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Herøy brann og redning

Hovudverneombodet

Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen, 7468 Trondheim

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde

Vedlegg:

Uprenta vedlegg

1. K-sak 111/17
2. K-sak 132/17

Prenta vedlegg


1. Oversiktskart
2. Kvadratbygg Utbygging AS – tilbud om kjøp – aksept av tilbud
3. Herøy Eigedom AS - tilbud om kjøp – avslag på tilbud - mottilbud
4. Stig Konrad Berge – tilbud om kjøp – avslag på tilbud
5. Baro Industrieiendom AS – tilbud om kjøp – avslag på tilbud
6. Tilbygg til eksisterende brannstasjon og driftsbasis – revidert forprosjekt

Samandrag av saka:

Saka gjeld Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt, alternativt vedtak om riving og bygging av tilbygg til eksisterende brannstasjon og driftsbasis.

Kommunestyret har tidlegare vedteke og finansierte opp bygging av ny hovudbrannstasjon og gitt rådmannen i oppdrag å finne ei utbyggingstomt for prosjektet. Rådmannen har ikkje funne ei eigna tomt, dels fordi aktuelle grunneigarar anten har sagt nei til sal av eigedom eller har stilt andre krav som ikkje er gjennomførbare innanfor eksisterende prosjektbudsjett.

Kommunale tomter er også vurdert, herunder om eksisterende brannstasjon og driftsbasis likevel kan byggast om. Rådmannen tilrår i den samanheng å forkaste nybyggprosjektet og tilrår riving av eksisterende bygg – unntatt verkstedet – for oppføring av tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis.



Førebels skisse 23032018.

Saksopplysningar:

Saka gjeld Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon - val av utbyggingstomt, alternativt vedtak om riving og bygging av tilbygg til eksisterande brannstasjon og driftsbasis.

Bakgrunn

Kommunestyret handsama i K-sak 111/17 alternative forprosjekt for ny hovudbrannstasjon for Herøy og gjorde slikt vedtak, sjå uprenta vedlegg 1:

- 1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen sjå etter alternative tomter.*
- 3. Saka kjem tilbake til kommunestyret i neste møte.*

Kommunestyret handsama mandat for forhandlingar om grunnnerv i K-sak 132/17 og gjorde slikt vedtak, sjå uprenta vedlegg 2:

- 1. Kommunestyret tek sak om alternative utbyggingstomter til orientering og ber rådmannen om å gå i forhandlingar med grunneigarane av utbyggingstomt 1, 2, 3 og 4 og Barotomta om eventuelt erverv av naudsynt grunn.*
- 2. Kommunestyret ber om at forhandlingsresultat og endeleg val av utbyggingstomt vert fremma til ny handsaming i kommunestyret i november.*
- 3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjekt 61604 Hovudbrannstasjon innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.*
- 4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.*

Budsjett 2018 – Økonomiplan 2018-2021

Prosjektet er i budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 finansiert opp slik:

Prosjekt	2018	2019	2020	2021	SUM
Hovudbrannstasjon	10 000 000	18 000 000	-	-	28 000 000

Budsjettløyvinga er kr. 5 mill. lågare enn administrasjonens kostnadskalkyle på totalt kr. 33 mill. og føreset nybygg på byggeklar tomt.

Forhandlingar om grunnnerv

Administrasjonen har gjennomført forhandlingar om grunnnerv med grunneigarane i samsvar med kommunestyrets vedtak, sjå oversiktskart i vedlegg 1. Basert på forhandlingsutfallet har administrasjonen også vurdert andre tomtealternativ. I oversiktskartet er desse andre tomtealternativa markert som alternativ 6 til 9.

Oversiktskartet er kun meint som orientering om dei ulike tomtealternativa si plassering i forhold til kvarandre og er ikkje meint som detaljert forslag til avgrensning av tomt og arealbehov.

Administrasjonen har under forhandlingane samarbeid med Per Mulvik AS v/ takstmann Ottar Skare om taksering. Tilboda til grunneigarane byggjer på dei same føresetnadane for alle tomtene og inneber:

1. Grunneigar stadfestar å vere eigar og heimelshavar til dei aktuelle eigedomane
2. Grunneigar stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtar, andre private avtar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedomane som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedomen.
3. Grunneigar stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedomen.
4. Grunneigar stadfestar at Eigedomen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.


Vi har i tilboda teke atterhald om kommunestyrets godkjenning av tilbodet og presisert at det pågår parallelle forhandlingar med fleire grunneigarar og at det berre er aktuelt å inngå avtar for eitt tomtealternativ.

Forhandlingsresultat

Fylgjande tilbod er oversendt grunneigarane og med slikt forhandlingsresultat:

1. Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 1.




Grunneigar og heimelshavar Kvadratbygg Utbygging AS har fått tilbod om å selje gnr. 37 bnr. 412 til kommunen for kr. 4 924 000,-. Tilbodet føreset eit samla areal på 4 924 m² og ein pris pr. m² på kr. 1 000,-, sjå prenta vedlegg 2.

Vi har ikkje funne grunnlag for å redusere tilbodet til å omfatte berre delar av grunneigedomen. Grunneigar har heller ikkje interesse av å behalde eit eventuelt restareal til eige formål.

Grunneigar har akseptert kommunens tilbod om kjøp, sjå prenta vedlegg 2.

2. Myklebustvegen 61

Myklebustvegen 61 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 2.




Grunneigar og heimelshavar Herøy Eigedom AS har fått tilbod om å selje gnr. 37 bnr. 92, bnr. 160 og bnr. 309 samt del av gnr. 37 bnr. 180 og bnr. 381 for kr. 3 648 783,-. Tilbodet føreset eit samla areal på 3 703 m2 og ein pris pr. m2 på kr. 995,-, sjå prenta vedlegg 3.

Estimerte kostnader til riving av eksisterande bebyggelse på eigedomen er trukke frå i det tilbod grunneigar har fått. Likeins er det trukke frå ein kalkulert kostnad til masseutskifting på delar av tomta.

Grunneigar har avslått kommunens tilbod om kjøp sjølv om kommunen auka tilbodet til kr. 3 850 000,- søndag 19.11.2017. Grunneigar har i sitt tilsvaer gitt eit motbud på kr. 4 950 000,-. Motbudet tilsvaerer kr. 1 337 pr. m2, sjå prenta vedlegg 3.

3. Myklebustvegen 63

Myklebustvegen 63 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 3.




Administrasjonen har vore i dialog med grunneigar og heimelshavar Nettbuss AS om prosjektet, men har ikkje fremja tilbod om kjøp av grunn. Administrasjonen har lufta ideen om å flytte Nettbuss si verksemd til Mjølstadneset, men Nettbuss har i si tilbakemelding lagt vekt på at dagens lokalisering er viktig på grunn av den sentrale plasseringa og nærleiken til bensinstasjon.

Føresetnaden for ei lokalisering av brannstasjonen på denne tomte er difor at Nettbuss får etablert alternative lokale i nærleiken. Dette vil påføre prosjektet ytterlegare kostnader til grunnkjøp og alternative lokale.

4. Buholmvegen 10

Buholmvegen er i oversiktskartet markert som tomt nr. 4.




Grunneigar Stig Konrad Berge har fått tilbud om å selje gnr. 29 bnr. 5 til kommunen for kr. 3 800 000,-. Tilbudet føreset eit samla areal på 12 754 m² og ein pris pr. m² på kr. 300,-, sjå prenta vedlegg 4.

Grunneigar har avslått kommunens tilbud om kjøp, sjå prenta vedlegg 4.

5. Mjølstadnesvegen 8

Mjølstadnesvegen er i oversiktskartet markert som tomt nr. 5.



Grunneigar Baro Industrieiendom AS har fått tilbod om å selje del av gnr. 23 bnr. 29 til kommunen for kr. 1 177 752,-. Tilbodet føreset eit samla areal på 3 703 m2 og ein pris pr. m2 på kr. 248,-, sjå prenta vedlegg 5.

Estimerte kostnader til naudsynt oppfylling av eksisterande grunneigedom til same nivå som Mjølstadnesvegen er trukke frå i det tilbod grunneigar har fått. Samstundes inneber denne tomte at det må byggast tilførselsvei til prosjektet. Totalkostnaden for prosjektet er såleis høgre enn tilbodet til grunneigar.

Grunneigar har avslått kommunens tilbod om kjøp, sjå prenta vedlegg 5.

* * *

Etter forhandlingar, vurderer administrasjonen situasjonen slik:

Utbyggingsalternativa 4 og 5 – Buholmvegen 10 og Mjølstadnesvegen 8 – er uaktuelle som utbyggingstomter fordi grunneigarane har avslått kommunens tilbod om kjøp.

Utbyggingsalternativ 3 – Myklebustvegen 63 – er uaktuell som utbyggingstomt fordi prosjektet får kostnader både til grunnkjøp, riving av eksisterande bygningsmasse og nye lokalitetar for Nettbuss. Prosjektbudsjettet gir ikkje rom for ein slik avtale.

Utbyggingsalternativ 2 – Myklebustvegen 61 – utløyser på same vis som Myklebustvegen 63 kostnader til grunnkjøp, riving av eksisterande bygningsmasse og ein potensiell risiko for kostnader knytt til ureina masse i grunnen. Prosjektbudsjettet gir ikkje rom for ein slik avtale. Grunneigar på si side har vore positiv til eit samarbeid med Herøy kommune om prosjektet.

Utbyggingsalternativ 1 – Ospenesvegen 3 – utløyser kostnader til grunnkjøp. Med unntak for gjeldande regulering til bustadføremaal, vurderast tomte som byggeklar. Grunneigar er også her positiv til eit samarbeid med Herøy kommune om prosjektet.


Tre av fem tomter er såleis ikkje lenger aktuelle for prosjektet. På bakgrunn av dette ba difor Rådmannen om at fylgjande alternative tomter vart vurdert:

- Sjukeheimsvegen 5 B
- Sjukeheimsvegen 10
- Eggesbøvegen 11 og 13
- Grønhaugsvegen 3 og 5

I tillegg ynskte rådmannen ei ny vurdering av om eksisterande brannstasjon og driftsbasis kan vidareutviklast for å løyse prosjektet.

6. Sjukeheimsvegen 5 B


Sjukeheimsvegen 5 B er i oversiktskartet markert som tomt nr. 6.



Tomta er i kommunalt eige. Bygningsmassen – tidlegare Herøy omsorgssenter, gul avdeling – er fråflytta og skal etter planen rivast i 2018.

7. Sjukeheimsvegen 10


Sjukeheimsvegen 10 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 7:



Tomta er i kommunalt eige. Bygningsmassen vert delvis nytta som lokale for Aktivitetssenteret og Vaksenopplæring, delvis til utleige av omsorgsbustadar. I tillegg er kjellaren nytta til lager for eigedomsavdelinga.

8. Eggesbøvegen 13 og 15


Eggesbøvegen 13-15 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 8.



Eigedomen er eigd av Herøy kommune og har eit samla areal på om lag 5 158 m². Tomta er ubebygd, men har ei krevjande utforming.

9. Grønhaugvegen 3 og 5

Grønhaugvegen 3 og 5 er i oversiktskartet markert som tomt nr. 9.



Tomta er i privat eige og er ubebygd. Den største grunneigaren har i møte med eigdomsavdelinga avslått å drøfte forhandlingar om erverv av grunn til brannstasjon.

Vi har difor ikkje arbeida vidare med dette alternativet på administrativt nivå, men legg likevel alternativet fram for å synleggjere at tomta har vore til vurdering.

Tomteanalyse

På denne bakgrunn har administrasjonen vurdert tomtene 1, 2, 6 og 7 opp mot dei moment som vart orientert om i K-sak 132/17. Tomtene 3, 4, 5, 8 og 9 er ikkje vurdert mot desse momenta, jf. ovannemnde forhandlingar om grunnerverv mm.

Uttrykningstid (U)

Sektor Samsfunnsutvikling har utarbeida kjøretidsanalyser for tomtealternativa som syner rekkevidde frå dei ulike tomtealternativa innanfor netto tilgjengeleg uttrykningstid på natt frå stasjon til brannstad (4 minutt). Dei fire tomtene ligg innanfor same område og får 4 poeng kvar for dette momentet.

Eigarsituasjon (E)

Både Ospenesvegen 3 (alt. 1) og Myklebustvegen 61 (alt. 2) er i privat eige og får 1 poeng kvar. Øvrige tomter er i kommunalt eige og får 2 poeng kvar.

Reguleringsformål (RP) (2)

Ospenesvegen 3 (alt. 1) er regulert til bustadføre mål medan Myklebustvegen 61 (alt. 2) er avsett til kombinert bebyggelse og anleggsføre mål.

Sjukaheimsvegen 5 B (alt. 6) er omfatta av gjeldande reguleringsplan for helse- og omsorgssenterområdet og såleis avsett til offentleg formål.

Sjukaheimsvegen 10 (alt. 7) ligg i uregulert område, men er i gjeldande kommuneplan avsett til offentleg eller privat tenesteyting.

Reguleringsføre målet inneber at Ospenesvegen (alt. 1) må omregulerast før utbygging, alternativt må det innvilgast dispensasjon for utbygging av brannstasjon. Tomta får difor berre 1 poeng. Øvrige tomter krev ikkje omregulering eller dispensasjon for å kunne byggast ut og får 2 poeng kvar.

Storleik og utforming (SU)

Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 (alt. 1) har eit samla areal på om lag 4 900 m². Tomta sin storleik og utforming er såleis eigna for brannstasjonprosjektet. Tomta skrånar forholdsvis bratt oppover mot FV 654, noko som inneber at prosjektet vil utløyse forholdsvis omfattande støttemurar mot FV 654. Det er likeins lite plass for vidare utvikling av stasjonen og lite plass for parkering. Tomta får difor berre 2 poeng.




Myklebustvegen 61

Myklebustvegen 61 (alt. 2) har eit samla areal på om lag 3 700 m². Tomta er forholdsvis flat men er på grunn av si L-form krevjande å tilpasse til prosjektet. Likeins får tomta ei grense mot Myklebustvegen 63 (alt. 3), som gjer at prosjektet må omarbeidast fullstendig for å passe inn på tomta. Arkitektut utarbeidde enkle skisser for dette alternativet, som vart forkasta grunna den omfattande endringa. Tomta får difor berre 2 poeng på dette punkt.


Sjukeheimsvegen 5 B

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er ikkje stor nok slik tomta er arrondert i dag, men ei utviding av byggeområdet inn mot parkeringsareal og tilkomstveg vil kunne løyse dette. Ein må likens etablere parkering på andre sida av vegen, ved dagens brannstasjon. Tomta får difor berre 1 poeng på dette punkt.



Sjugeheimsvegen 10

Sjugeheimsvegen 10 (alt. 7) har ei god utforming og areal, har utvidingsmoglegheit og god moglegheit for parkering. Tomta får 4 poeng.



Tilkomst til hovudfartsåre (T) (3)

Ein brannstasjon i Ospenesvegen 3 (alt. 1) inneber auka belastning på ein veg som allereie er belasta med trafikk til og frå Gnist barnehage og tilgrensande bustadbebyggelse. Samstundes ligg utkjørsel til FV 654 nær opp til avkjørsla til bustadbebyggelsen på Myklebust. Administrasjonen vurderer trafikksituasjonen som dårleg, særleg i morgonrushet og ved arbeidsdagens slutt. Alternativet får difor berre 1 poeng.

Myklebustvegen 61 (alt. 2) har tilkomst direkte frå FV 654, noko som er bra både for brannmannskap på veg til stasjonen og ved uttrykning frå stasjonen. Alternativa får 4 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) og Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) har kort tilkomst til hovudfartsåre via Sjukeheimsvegen og får 3 poeng.

Naboforhold (N) (2)

Ein brannstasjon på Ospenesvegen 3 (alt. 1) inneber i større grad eit framandelement inn mot bustadbebyggelse og eksisterande barnehage enn det dagens reguleringsføre mål til bustad legg opp til. Alternativet får 1 poeng.

Ein brannstasjon ved Myklebustvegen 61 (alt. 2) inneber etter administrasjonens vurdering ei meir naturleg utviding av den næring som allereie er etablert i området. Tomta får 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er plassert innanfor det som til no har vore avsett til helse- og omsorgstenester. Alternativet får 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) er plassert innanfor eit område som allereie er nytta til kommunaltekniske tenester og får 4 poeng.

Grunnforhold

For Ospenesvegen 3 (alt. 1) er det både i takst og administrativt lagt til grunn at grunnforhold er kurrante. Alternativet får 3 poeng.

I taksten for Myklebustvegen 61 (alt. 2) er det teke atterhald om udokumenterte grunnforhold. Dette påverkar både marknadsvurderinga og kommunens tilbod. Alternativet får difor berre 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er truleg i hovudsak fjellgrunn, men får berre 2 poeng då det er mistanke om at grunnen er forureina med olje frå Herøy omsorgssenter – gul avdeling. Omfang og alvorsgrad for dette vert avklart under rivinga av bygget. Alternativet får difor berre 2 poeng.

Det er gjennomført mindre prøvegraving innanfor Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7). Tomta består dels av fjell, dels av utfyllt masse. Det er også her funne søppel frå tidlegare deponi. Tomta får difor berre 1 poeng.

I tillegg til ovannemnde faktorar, har vi også vurdert tomtealternativa opp mot fylgjande moment knytt til sjølve prosjektgjennomføringa:

Prosjektøkonomi (PØ) (5)

Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 (alt. 1) framstår som ei i utgangspunktet byggeklar tomt, men får berre 4 poeng grunna behovet for grunnkjøp.

Myklebustvegen 61

Myklebustvegen 61 (alt. 2) har både rivingsverdig bebyggelse og udokumentert bæreevne knytt til grunnforhold. Samstundes aksepterer ikkje grunneigar frådrag for dette ved kjøp. Grunneigars motbud tilsvare den totalkostnad som vart lagt til grunn i taksten for grunnkjøp, riving av eksisterande bygningsmasse og masseutskifting av grunnmasse med dårleg bæreevne. Dersom kommunen aksepterer eit slikt bod vil difor prosjektet også verte dyrare, då vi ikkje får trekke frå kostnadane til riving og masseutskifting ved kjøpet av eigedomen. Alternativet får difor berre 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B

Riving av bygningsmasse på Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er allereie finansiert gjennom budsjettvedtaket for 2018. Samstundes må tomte tilrettelagast for utbygging gjennom riving av tilgrensande uteboder, omlegging av tilkomst og reduksjon i antall parkeringsplassar for helse- og omsorgstilbodet i området. Alternativet får 3 poeng.

Sjukeheimsvegen 10

Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) inneber riving av eksisterande bebyggelse og etablering av alternative lokale for dagens aktivitetstilbod og flytting av kommunale leigetakarar elles. Dette må løysast gjennom innleige av lokale frå private og medfører auka kostnadar til innleige over driftsbudsjettet. Tomta har også usikre grunnforhold på grunn av tidlegare søppeldeponi i området. Alternativet får difor berre 3 poeng.

Prosjektframdrift (PF)

Prosjektframdrift er påverka av behovet for grunnkjøp, riving av bebyggelse, grunnundersøkelser, reguleringsforhold og andre naudsynte tiltak før prosjektet kan starte opp.

Ospenesvegen 3

Ospenesvegen 3 (alt. 1) er raskare tilgjengeleg for utbygging enn ei bebygt tomt. Samstundes inneber gjeldande regulering at tomte må omregulerast i samsvar med utbyggingsprosjektet. Tomte får difor berre 3 poeng.

Myklebustvegen 61

Myklebustvegen 61 (alt. 2) medfører at eksisterande bygningsmasse må miljøsanerast og rivast før utbygging kan starte. I tillegg må det gjennomførast grunnundersøkelser med tanke på mogleg forureining. Tomte får 2 poeng.

Sjukeheimsvegen 5 B

Riving av bebyggelsen på Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6) er finansiert over 2018-budsjettet og anbodskonkurranse for riving er allereie utlyst på Doffin.

Samstundes må dagens vegsystem flyttast og uteboder for tilgrensande utleigebustadar rivast og eventuelt flyttast til alternativ lokasjon. Alternativet får difor berre 3 poeng.

Sjukeheimsvegen 10

Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7) medfører at eksisterande leigetakarar og kommunalt aktivitetstilbod må flyttast til alternative lokasjonar. I tillegg må eksisterande bygningsmasse miljøsanerast og rivast før utbygging kan starte opp. Då prøvegravingar i området syner at det også her er problem med søppelfylling, må ein truleg også gjennomføre grunnundersøkingar før utbygging. Alternativet får 2 poeng.

* * *

Samanfatningsvis får dei ulike tomtene slik rangering, basert på ovannemnde vurdering:

I prioritert rekkefølge	U	E	R	SU	T	N	G	PØ	PF	SUM
1. Ospenesvegen 3	4	1	1	2	1	1	3	4	3	20
2. Myklebustvegen 61	4	1	3	2	4	2	2	2	2	22
6. Sjukeheimsvegen 5 B	4	2	3	1	3	2	2	3	3	23
7. Sjukeheimsvegen 10	4	2	3	4	3	4	1	3	2	26

Skal ein prioritere etter total poenggivnad, burde administrasjonens tilrå utbygging ved Sjukeheimsvegen 10 (alt. 7). Men prosjekalternativet innebær kostnader til miljøsanering og riving av eksisterande bebyggelse, kostnader til alternative lokale for dagens aktivitetstilbod, behov for å finne nye bustadar for eksisterande leigetakarar og grunnundersøkelser for å verifisere at tomte kan byggast ut.

Alternativet er å tilrå utbygging på Sjukeheimsvegen 5 B (alt. 6), men administrasjonen er skeptisk til dette på grunn av den prioritet dette arealet til no har hatt til helse og omsorgsformål. Likeins krev dette prosjektet omlegging av delar av det interne vegnettet på sjukeheimsområdet og riving av eksisterande boder til utleigebustadane i Sjukeheimsvegen 7, 9, 11 og 13.

Likeins krev øvrige tomtealternativ kostnader til grunnkjøp, riving av bebyggelse, tiltak mot tilgrensande naboeigedomar og alternative lokalitetar som prosjektbudsjett ikkje gir rom for.

På denne bakgrunn rår administrasjonen til at kommunestyret gjer om sitt vedtak om å bygge ny og frittstående brannstasjon til eit vedtak om å rive eksisterande brannstasjon og verkstad – med unntak for verkstaden – for bygging av eit tilbygg til eksisterande bygningsmasse. Tilrådinga byggjer på fylgjande føresetnader:

1. Eksisterande brannstasjon og driftsbasis – med unntak for eksisterande verkstadbygg – rivast for å gi plass for ein ny brannstasjon og driftsbasis, basert på same byggemetode som prosjektfinansieringa føreset.

Då forprosjektet var oppe til handsaming i kommunestyret fyrste gong, vart det lagt til grunn at rehabilitering av eksisterande brannstasjon og driftsbasis ville medføre behov for forsterking av eksisterande bygningskropp for å

muliggjere ei 2. etasje. Dette begrensar både byggemetode og funksjonaliteten i prosjektet. Ved å rive størsteparten av bygningskroppen unngår ein dette. Samstundes kan deler av bygningsmassen gjenbrukast til rimelege lagerlokale for uteseksjonen. Gjenbruk føreset at kommunen som byggherre har ein konkret plan om gjenbruk i næraste framtid. Det er ikkje adgang til å mellomlagre planlagt gjenbruksmateriale i påvente av eit framtidig prosjekt.

2. Administrasjonen har også tidlegare vurdert ein felles brannstasjon og driftsbasis som det beste alternativet, då dei driftsmessige fordelane ved samlokalisering og sambruk utvilsomt vil vere eit gode for Herøy kommune. Likeins medfører dette alternativet at ein får nyttiggjere seg dagens driftsbasisfunksjonalitetar på best mogleg måte, både for Herøy brann og redning og for Sektor Samfunnsutvikling sin Uteseksjon.
3. Dagens drift og beredskap kan må flyttast til mellombelse lokalitetar i byggeperioda. Eigedomsavdelinga har drøfta dette med prosjektgruppa og kan tilrå at anlegg- og driftsavdelinga sin uteseksjon mellombels flytter til renseanlegg II (RA II) medan brannstasjonen mellombels vert etablert i verkstadbygget og med kontorlokalitetar for førebyggjande brannvern og brannmester/brannsjef i kontorbrakker eller i ledige kontorlokaler på Rådhuset.

På bakgrunn av ovannemnde har arkitekt revidert og kvalitetsikra det forslag som vart utarbeida for dette prosjektet opphavleg. Revidert forprosjekt fyl vedlagt. Funksjonane er dei same som førre prosjekt, men arealbruken er endra for å betre funksjonaliteten i prosjektet, sjå prenta vedlegg 6.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å vedtak riving av delar av eksisterande brannstasjon og driftsbasis for tilbygg for ny brannstasjon og driftsbasis. Kommunestyret bør samstundes gjere om tidlegare vedtak om å bygge ny og frittstående brannstasjon på alternativ tomt.

Prosjektbudsjettet i inneværande tilråding til investeringsbudsjett er på kr. 28 mill. fordelt over 2018 og 2019. Riving av eksisterande bygningsmasse kan medføre behov for tilleggsløyvingar. Samstundes gir forslaget om å rive hovuddelen av eksisterande stasjon høve til å sette opp eit tilbygg etter same byggemetode som låg til grunn for budsjettvedtaket for eit nybygg.

Rådmannen vurderer dette prosjektoalternativet som det beste for Herøy kommune isolert sett, både når det gjeld funksjonalitet og plassering. Dette fordi eksisterande driftsbasis vert vidareført og oppgradert saman med hovudbrannstasjonen til ei heilskapleg løysing samstundes som at kommunens eigedomar på Eggesbønes vert nytta fullt ut innanfor dei begrensningar tidlegare bruk fører med seg.

Konsekvensar for folkehelse:

God beredskap er viktig for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Brannberedskap og forsvarlege arbeidsvilkår for dei tilsette i brannvernet er

Konsekvensar for drift:


Bygging av ny hovudbrannstasjon aukar dei bygningsmessige driftskostnadane til kommunen. Samlokalisering av brannstasjon og driftsbasis inneber derimot langt betre sambruk av areal og funksjonar enn eit frittstående nybygg ville gjere.

Fosnavåg, 06.11.2017


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



Tegnforklaring





Herøy Eigedom AS
Att. Jannike Lovise Fylling
Gamle Myklebustveg 1
6092 FOSNAVÅG

Offl. 23 1. ledd

Saksnr
2016/646

Arkiv
614

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
EIG / RMY

Dato
06.11.2017

FORHANDLING OM GRUNNERVERV - TILBOD

Vi viser til Herøy kommunes behov for grunnerverv i samband med bygging av ny hovudbrannstasjon og innleiane orienteringsmøte med Herøy Eigedom AS v/ Jannike Fylling og Kurt Fylling.

Tilbod

Herøy kommune tilbyr å kjøpe gnr. 37 bnr. 92, bnr. 160 og bnr. 309 og del av bnr. 180 og bnr. 382 i samsvar med kartskissa nedanfor for kr. 3 648 783,-.



Tilbodet føreset eit areal på totalt 3 703,3 m2 og vert justert etter endeleg arealoppmåling basert på kr. 995 pr. m2.

Estimerte kostnader til riving av eksisterande bebyggelse på eigedomen er trukka frå i ovannemnde vurdering.

Kostnader til oppmåling og frådeling, dokumentavgift og tinglysing av skjøte kjem i tillegg og vert bekosta av Herøy kommune som kjøpar.

Føresetnader for tilbodet

Tilbodet føreset fylgjande:

1. Herøy Eigedom AS stadfestar å vere eigar og heimelshavar til ovannemnde eigedomar.
2. Herøy Eigedom AS stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtalar, andre private avtalar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedomen som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedomen.
3. Herøy Eigedom AS stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedomen.
4. Herøy Eigedom AS stadfestar at Eigedomen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

Atterhald om kommunestyrets godkjenning

Vi tek atterhald om kommunestyrets godkjenning av ovannemnde tilbod og Herøy Eigedom AS' eventuelle aksept av tilbodet. Vi minner samstundes om at vi er i forhandlingar med andre grunneigarar om alternative eigedomar og at det utelukkande vert inngått avtale om kjøp av grunn med ein av desse.

Vidare framdrift

Som opplyst i vårt møte, har vi målsetting om å fremme sak til kommunestyrets møte 30.11.2017 om val av utbyggingstomt.

Vi må difor ha bindande og skriftleg tilbakemelding frå Herøy Eigedom AS innan 17.11.2017 kl. 14:00. Vi ber om at eventuelle spørsmål til tilbodet rettast til underteikna på telefon 99 09 52 51.

Med helsing


HERØY KOMMUNE
Eigedomsavdelinga
Robert Myklebust
Avdelingsleiar

Robert Myklebust
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Herøy Eigedom AS
Gamle Myklebustveg 1
6092 Fosnavåg

Herøy Kommune
Eigedomsavdelinga

Vedrørende forhandling om grunnnerverv-tilbod. Saksnr. 2016/646.

Herøy Eigedom AS har i dag søndag 19.11.2017 hatt styremøte og vurdert tilbudet fra Herøy Kommune på kr 3.648 783,- for eigedommane som er markert i kartskissa i tilbudet.

Styret har komt til at den prisen er for lav. Herøy Eigedom har sjølv betalt ca. 6 000 000,- kr for eigedommane.

Herøy Eigedom AS vil derfor gi Herøy kommune mulighet til å kjøpe eigedommane som er nevnt for kr. 4.950 000,- kr. med samme betingelser som nevnt i tilbudet, bortsett fra følgende:.


1. Tomtegrensa mot Gnr.37 Bnr. 381 må justeres med ca. to meter så avstand mellom tomtegrense og bygg på gnr.37 bnr 381 blir minimum 6 meter.
2. Kostnader vedrørende riving av bygninger og rydding av tomt blir kosta av kjøper.

Tilbudet gjelder til 31.12.2017

Mvh
Herøy Eigedom

Jannike Fylling

Kurt Fylling



Stig Konrad Berge

Kvithaugsmyra 37
6092 FOSNAVÅG

Offl. 23 1. ledd

Saksnr
2016/646

Arkiv
614

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
EIG / RMY


Dato
06.11.2017

FORHANDLING OM GRUNNERVERV - TILBOD

Vi viser til Herøy kommunes behov for grunnerverv i samband med bygging av ny hovudbrannstasjon og innleiane orienteringsmøte med deg som grunneigar den 02.11.2017.

Tilbod

Herøy kommune tilbyr å kjøpe gnr. 29 bnr. 5 i samsvar med kartskissa nedanfor for kr. 3 800 000,-.



Tilbudet føreset eit areal på totalt 12 754,5 m2 og vert justert etter endeleg arealoppmåling basert på kr. 300 pr. m2.

Kostnadar til oppmåling og frådeling, dokumentavgift og tinglysing av skjøte kjem i tillegg og vert bekosta av Herøy kommune som kjøpar.

Føresetnadar for tilbudet

Tilbudet føreset fylgjande:

1. Stig Konrad Berge stadfestar å vere eigar og heimelshavar til ovannemnde eigedomar.
2. Stig Konrad Berge stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtar, andre private avtar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedom som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedom.
3. Stig Konrad Berge stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedom.
4. Stig Konrad Berge stadfestar at Eigedom kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

Atterhald om kommunestyrets godkjenning

Vi tek atterhald om kommunestyrets godkjenning av ovannemnde tilbod og din eventuelle aksept av tilbudet. Vi minner samstundes om at vi er i forhandlingar med andre grunneigarar om alternative eigedomar og at det utelukkande vert inngått avtale om kjøp av grunn med ein av desse.

Vidare framdrift

Som opplyst i vårt møte, har vi målsetting om å fremme sak til kommunestyrets møte 30.11.2017 om val av utbyggingstomt.

Vi må difor ha bindande og skriftleg tilbakemelding frå deg innan 17.11.2017 kl. 14:00. Vi ber om at eventuelle spørsmål til tilbudet rettast til underteikna på telefon 99 09 52 51.

Med helsing


HERØY KOMMUNE
Eigedomssavdelinga
Robert Myklebust
Avdelingsleiar

Robert Myklebust
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Fra: [Stig Konrad Berge](#)
Til: [Robert Myklebust](#)
Emne: SV: Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - tilbod om kjøp av grunn frå Stig Konrad Berge
Dato: 13. november 2017 12:25:52
Vedlegg: [image001.png](#)

Hei.

Bud er AVSLÅTT. Nye eposta kan sendast på min private..massyferg@hotmail.com

Helsing

Stig Konrad Berge

Tlf. 70081300



HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no

Fra: Robert Myklebust
Sendt: 10. november 2017 15:35
Til: Stig Konrad Berge <stig.konrad.berge@heroy.kommune.no>
Kopi: Rolf-Henning Skrede Hide <rolf-henning.skrede.hide@heroy.kommune.no>
Emne: Prosjekt 61604 - Hovudbrannstasjon - tilbod om kjøp av grunn frå Stig Konrad Berge
Viktighet: Høy

PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - TILBOD OM KJØP AV GRUNN FRÅ STIG KONRAD BERGE

Sjå vedlegg. Vert også sendt pr. post.

Helsing

Robert Myklebust

Eigedomsløiar

Eigedom

Tlf. 70081300 Mob. 99095251



HERØY KOMMUNE

www.heroy.kommune.no



Baro Industrieiendom AS
Att. Stig Kolbein Ulstein
Mjølstadneset
6092 FOSNAVÅG

Offl. 23 1. ledd

Saksnr
2016/646

Arkiv
614

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
EIG / RMY


Dato
06.11.2017

FORHANDLING OM GRUNNERVERV - TILBOD

Vi viser til Herøy kommunes behov for grunnerverv i samband med bygging av ny hovudbrannstasjon og innleiande kontakt med Baro Industrieiendom AS v/ Stig Kolbein Ulstein.

Tilbod

Herøy kommune tilbyr å kjøpe deler av gnr. 23 bnr. 39 i samsvar med kartskissa nedanfor for kr. 1 177 752,-.



Tilbudet føreset eit areal på totalt 4 749 m2 og vert justert etter endeleg arealoppmåling basert på kr. 248,- pr. m2. Det er i prisen teke inn eit fradrag for naudsynt oppfylling av eksisterande tomt før den er byggeklar.

Vi tek atterhald om at vi kan kome tilbake med revidert forslag til areal, etter at arkitekt har vurdert byggeprosjektet si plassering på denne tomte. Kostnader til oppmåling og frådeling, dokumentavgift og tinglysing av skjøte kjem i tillegg og vert bekosta av Herøy kommune som kjøpar.

Føresetnader for tilbudet

Tilbudet føreset fylgjande:

1. Baro Industrieigedom AS stadfestar å vere eigar og heimelshavar til ovannemnde eigedomar.
2. Baro Industrieigedom AS stadfestar at det ikkje kviler pengehefte, servituttar, realhefter, leigeavtalar, andre private avtalar og/eller offentlege krav eller pålegg knytt til eigedommen som kan vere til hinder for Herøy kommunes ynskje om å bygge hovudbrannstasjon på eigedommen.
3. Baro Industrieigedom AS stadfestar at det ikkje er funne forureining eller ligg føre kunnskap om forureina grunn på Eigedommen.
4. Baro Industrieigedom AS stadfestar at Eigedommen kan overtakast av Herøy kommune innan 31.01.2018.

Atterhald om kommunestyrets godkjenning

Vi tek atterhald om kommunestyrets godkjenning av ovannemnde tilbod og Baro Industrieigedom AS eventuelle aksept av tilbudet. Vi minner samstundes om at vi er i forhandlingar med andre grunneigarar om alternative eigedomar og at det utelukkande vert inngått avtale om kjøp av grunn for eitt av tomtealternativa.

Vidare framdrift

Som opplyst i vårt møte, har vi målsetting om å fremme sak til kommunestyrets møte 30.11.2017 om val av utbyggingstomt.

Vi må difor ha bindande og skriftleg tilbakemelding frå Baro Industrieigedom AS innan 17.11.2017 kl. 14:00. Vi ber om at eventuelle spørsmål til tilbudet rettast til underteikna på telefon 99 09 52 51.

Med helsing


HERØY KOMMUNE
Fingertempelevdeling
Robert Myklebust
Avdelingsleiar

Robert Myklebust
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Fra: Stig Kolbein Ulstein
Til: [Robert Myklebust](#)
Emne: SV: Forhandling om grunnnerv
Dato: 14. november 2017 11:35:04
Vedlegg: [image003.png](#)

Hei,
Viser til tilbud som vi mottok på fredag.

Vi velger å takke høflig nei.

Og ønsker lykke til videre i prosessen.

Regards,



Stig Kolbein Ulstein
Controller

Ulstein Marine Technology AS
Stålhaugen 5 NO-6065 Ulsteinvik
Mobile +47 99 48 13 37
stig.kolbein.ulstein@ulmatec.no | www.ulmatec.no

Fra: Robert Myklebust [mailto:Robert.Myklebust@heroy.kommune.no]

Sendt: 30. oktober 2017 12:54

Til: Stig Kolbein Ulstein <Stig.Kolbein.Ulstein@ulmatec.no>

Emne: Forhandling om grunnnerv

Eg viser til dagens telefonsamtale.


Herøy kommune leiter etter ei tomt for ny hovudbrannstasjon og ynskjer eit møte med Baro Industrieiendom AS for å presentere prosjektet og korleis Baro stiller seg til eit eventuelt kjøp av gnr. 23 bnr. 39 til dette formål.

Kommunestyret har gitt oss i oppdrag å gå i forhandlingar med grunneigarane av fleire alternative tomter, så eg presiserer at vi er i ein kartleggings- og forhandlingssituasjon.

Helsing


Robert Myklebust
Eigedomslar
Eigedom

Tlf. 70081300 Mob. 99095251




www.heroy.kommune.no


Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ A




Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ B




Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ D




Områder innen 4 minutters kjøretid fra alternativ C






FØREBELS SKISSE PR 23 03 2018.
KAN VERTE ENDRINGAR I SAMBAND MED VIDARE ARBEID MED PROSJEKTET, INKL. ARBEID MED FASADER M.M. KAN OGSÅ VERTE ENDRINGAR SOM FØLGJE AV VURDERING AV BRANNTTEKNISK KONSULENT.
VINDU/DØRER M.M.: FØREBELS.
DET MÅ GJERAST VURDERINGAR I HØVE REGULERING, TILKOMST/VEG, PARKERING, SØPPELFYLLING M.M.

Teikningsnr.: A20-1			Revisjon nr.:	
Type teikning: Plan 1. Etasje				
OPPTEIKNING AV EKSISTERANDE BYGNING ER GJORT PÅ GRUNNLAG AV UTLIVERTE TEIKNINGAR AV EKSISTERANDE BYGG. (MOTTEKE FRÅ HERØY KOMMUNE OG SPENNCON AS). ENKEL OPPTEIKNING. VISER TIL ORIGINALTEIKNINGAR FOR MEIR INFORMASJON. CA-MÅL, CA-TAKVINKEL, CA-AREAL M.M. ER VIST. DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN !				
BYGG ER VIST PÅ KARTGRUNNLAG FRÅ KOMMUNEN (EKS. HØGDEDATA). CA-PLASSERING MM ER VIST, DET MÅ GJERAST KONTROLLMÅLINGAR PÅ STADEN. DET ER VIST CA-LINJE FOR GRENSE SØPPELFYLLING. SAMT CA-LINJE FOR REGULERT VEG PÅ KART. INFO OM DETTE ER HENTA FRÅ PDF AV KART MOTTEKE I MØTE 13 03 2017.				
PROSJEKTET MÅ DETALJERAST/PROSJEKTERAST VIDARE AV ARKITEKT. DET MÅ OGSÅ GJERAST BYGGETEKNIISK PROSJEKTERING AV PROSJEKTET - SAMT VURDERING/PROSJEKTERING I HØVE REGULERING, BRANN, LYD/STØY, ENERGI, VVS, ELEKTRO M.M., DET KAN BLI ENDRINGAR SOM FØLGJE AV DETTE. DET ER VIST FØREBELS DIMENSJON PÅ VEGGAR, KONSTRUKSJONAR M.M. UTVENDIG DRENERING, ISOLASJON M.M. ER IKKJE VIST.				
VEDK. VINDU/DØRER: KRAV I HØVE BARNESIKRING, RØMNING, DAGSLYS M.M. MÅ STETTAST. VISER MÅ. TIL TEK §12-20. VINDU M.M. MED LAV BRYSTNINGSHØGD MÅ SIKRAST. REKKVERK, DØRER, VINDU M.M. (INNVEDIG OG UTVENDIG BRUK AV GLAS) MÅ VERE SIKKERHETSGLAS I HHT. KRAV (TEK M.M.). OPNINGSVINDU MM: KUN ILLUSTRASJON, OMFANG MÅ VURDERAST.				
FOR TEKNISKE LØYSINGAR VERT DET VIST TIL NBI M.M. KRAV I HØVE UNIVERSELL UTFORMING MM MÅ STETTAST!				
NBI ENTREPRENØR SKAL KONTROLLERE/SAMANHALDE DENNE TEIKNINGA MED TEIKNINGAR/INFO FRÅ RIB, VVS- OG ELEKTROKONSULENT/LEVERANDØR, BRANNTTEKNISK KONSULENT M.M.				
OBS! DET KAN BLI JUSTERING/ENDRING SOM FØLGJE AV BRANNTTEKNISK VURDERING!				
© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke				
Rev	Dato	Beskrivelse	Sign	Kontroll
AG PLAN OG ARKITEKTUR AG Plan og Arkitektur AS RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta Tlf.: 70 06 16 00 E-post: firmapost@agplan.no www.agplan.no				
Fase: FØREBELS SKISSE				
Tittel:			Godkjend:	
Herøy Brannstasjon Oppdragsgjevar: Herøy Kommune Eigedomsavdelinga Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg Prosjektnr.: 2282 Type teikning: Plan 1. Etasje			Kontroll prosjekt	
			Sign.:	Kontroll:
			AKA/TMB	AKA
			Filnamn: 2282-ombygging eksisterande 23 03 2018.pln	
			Dato: 23.03.2018	
			Målestokk: 1:200	
			Gnr./Bnr.:	38/141 m.fl.
Teikningsnr.: A20-1			Prosjektnr. for prosjekterande/lev	

[illegible]



Teikningsnr.: A30-1

Revisjon nr.:

Type teikning:
Snitt A-A

OPPTEIKNING AV EKSISTERANDE BYGNING ER GJORT PÅ GRUNNLAG AV UTLEVERTE TEIKNINGER AV EKSISTERANDE BYGG. (MOTTEKE FRÅ HERØY KOMMUNE OG SPENNCON AS). ENKEL OPPTEIKNING. VISER TIL ORIGINALTEIKNINGAR FOR MEIR INFORMASJON. CA-MÅL, CA-TAKVINKEL, CA-AREAL M.M. ER VIST. DET MÅ GJERAST KONTROLLMALINGAR PÅ STADEN !

BYGG ER VIST PÅ KARTGRUNNLAG FRÅ KOMMUNEN (EKS. HØGDEDATA), CA-PASSERING MM ER VIST, DET MÅ GJERAST KONTROLLMALINGAR PÅ STADEN.

DET ER VIST CA-LINJE FOR GRENSE SØPPELFYLLING. SAMT CA-LINJE FOR REGULERT VEG PÅ KART. INFO OM DETTE ER HENTA FRÅ PDF AV KART MOTTEKE I MØTE 13 03 2017.

PROSJEKTET MÅ DETALJERAST/PROSJEKTERAST VIDARE AV ARKITEKT. DET MÅ OGSÅ GJERAST BYGGETEKNISK PROSJEKTERING AV PROSJEKTET - SAMT VURDERING/PROSJEKTERING I HØVE REGULERING, BRANN, LYD/STØY, ENERGI, VVS, ELEKTRO M.M., DET KAN BLI ENDRINGAR SOM FØLGJE AV DETTE. DET ER VIST FØREBELS DIMENSJON PÅ VEGGAR, KONSTRUKSJONAR M.M. UTVENDIG DRENERING, ISOLASJON M.M. ER IKKJE VIST.

VEDK. VINDU/DØRER: KRAV I HØVE BARNESIKRING, RØMMNING, DAGSLYS M.M. MÅ STETTAST. VISER MA. TIL TEK §12-20. VINDU M.M. MED LAV BRYSTNINGSHØGD MÅ SIKRAST.

REKKVERK, DØRER, VINDU M.M. (INNENDIG OG UTVENDIG BRUK AV GLAS) MÅ VERE SIKKERHETSGLAS I HHT. KRAV (TEK M.M.). OPNINGSVINDU MM: KUN ILLUSTRASJON, OMFANG MÅ VURDERAST.

FOR TEKNISKE LØYSINGAR VERT DET VIST TIL NBI M.M. KRAV I HØVE UNIVERSELL UTFORMING MM MÅ STETTAST!

NBI ENTREPRENØR SKAL KONTROLLERERE/SAMANHALDE DENNE TEIKNINGA MED TEIKNINGAR/INFO FRÅ RIB, VVS- OG ELEKTROKONSULENT/LEVERANDØR, BRANNTEKNISK KONSULENT M.M.

OBS! DET KAN BLI JUSTERING/ENDRING SOM FØLGJE AV BRANNTEKNISK VURDERING!

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

Rev	Dato	Beskrivelse		Sign	Kontroll

AG

PLAN OG
ARKITEKTUR

AG Plan og Arkitektur AS

RÅDGJEVANDE ARKITEKT OG INGENIØR

Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta

TLF : 70 06 16 00

E-post : firmapost@agplan.no

www.agplan.no

Fase:
FØREBELS SKISSE

Herøy Brannstasjon	Tittel:	Godkjend:	
	Oppdragsgjevar: Herøy Kommune Eigedomsavdelinga Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg	Kontroll prosjekt	
		Sign.: AKA/TMB	Kontroll: AKA
		Filnamn: 2282-ombygging eksisterande 23 03 2018.pln	
		Dato: 23.03.2018	
		Målestokk: 1:200	
		Gnr./Bnr.: 38/141 m.fl.	
		Prosjektnr.: 2282	Teikningsnr.: A30-1

Type teikning:
Snitt A-A